

# ÅRSRAPPORT FOR MUSIKKUTVALET 2017

## Musikkutvalet har hatt følgjande samansetjing:

### Vår:

Harald Lyssand, Bergljot Lyssand Bjørø, Jan Ove Petersen, Aagot Tuvin Moberg  
Vara: Hanne-Margrethe Westgaard Lund

### Haust:

Bergljot Lyssand Bjørø, Jan Ove Petersen, Aagot Tuvin Moberg, Hanne-Margrethe Westgaard Lund.

### Møter i musikkutvalet:

Utvalet har hatt 8 møter i arbeidsåret, 5 av desse saman med styret.

#### 22.02.2017

Program til kyrkjekonserten 31.05.2017:

Valg av repetoir, framlegg til gjesteartistar og plan for øvingane(Ann-Elisabeth)

#### 29.03.2017

Møte med styret og dirigent. Karina Lange deltok også på møtet via Skype.

Tema: Queen-konsert i samarbeid med Kor Camena frå Haugesund, solist Ole Andre Westerheim og bandet Just 4 you.

#### 05.04.2017

Møte med styret og dirigent. Pausemøte med diverse avklaringar vedk. kyrkjekonserten 31.05.2017: Valg av lokale, samarbeid med Os Spelemannslag og Eirin Røykenes

#### 19.04.2017

Møte med Os Spelemannslag og Eirin Røykenes vedk. vidare samarbeid om kyrkjekonserten.: Program, tidsbruk, rekkjefølgje for dei ulike avdelingane, plan for fellesøving og forespørsel til pianist Aasmund Brekke og solist Jon Sæbø.

#### 23.05.2017

Diskusjon om praktiske detaljar til kyrkjekonserten 31.05, bl.a. program, oppstilling, konferansier, antrekk og øvingsplan.

#### 05.07.2017

Møte med styret(Marianne). Diverse spørsmål vedk. Queen-konserten vart drøfta.

#### 30.08.2017

Møte med styret og dirigent. Tema: Queen-prosjekt med avklaring vedk. fellesøvingar med Kor Camena, budsjett/økonomi, marknadsføring og rekruttering av mannstemmer til Kammerkoret. Ann-Elisabeth presenterte forslag til låter og kven som skulle synga dei ulike låtane.

#### 07.12.2017

Møte med styret og dirigent. Saker: Tidspunkt for årsmøte, marknadsføring av Queen-prosjektet, tankar og forslag til vidare aktivitetar for koret 2018/2019.

Døme: Samarbeid med andre kor, korkafe`, kyrkjekonsert, julekonsert og korfestival vår 2019.

I tillegg har vi hatt uformelle samtaler pr telefon og i pauser på øvingar.

## **Koret har delteke på følgjande arrangement:**

### **15.01.2017**

Nyttårskonsert i Storetveit kirke:

Koret song: *I den kalde vinter, So ro godt barn, Vesleblomme, Flemish Carol*(på piano: Jan Røshol).

Fullsett kyrkje med 6 kor og publikum.

### **28.02.2017**

Ann-Charlott Midtsæter 50 år.

Ei gruppe frå koret reste heim til ho, og song for jubilanten.

### **21.04 og 22.04.2017**

Korseminar på Os skule med øving til kyrkjekonserten.

### **31.05.2017**

#### **Konsert i Os kyrkje:**

Os kammerkor med dir. Ann-Elisabeth Tveit:

*Jeg vil råde alle*(piano: Aasmund Brekke, solist: Jon Sæbø), *Du skal itte trø i graset, Høgfjellskyrkja, Blåklukkevikua, Med ein primula veris, Vals, Gjedines Bådnlåt*(solist: Eirin Røykenes)

Eirin Røykenes song:

*Vel er verda trasig, Det er tungvint fri, Nystev, Bya, bya vesla mi, Nu går solen ned*

Os spelemannslag, leiar Are Fløysand:

*Nyttårsmarsjen, Olas Reinlender, Springdans frå Bergen, N.45, Valsen hennar Marta, Fjordingen*(pariserpolka)

Os spelemannslag og Os kammerkor:

*Bruremarsj frå Lysefjorden*

Os kammerkor:

*Ubi Caritas, Deep River, Stille, My Lord, Peace I leave with you, Eg veit ei himmerik ei borg*

Ann-Elisabeth losa oss gjennom programmet, og konserten vart vel motteken av 58 betalande publikumarar( Tidspunktet var kanskje ikkje det beste pga. Festspillene i Bergen bl.a.)

### **26.08.2017**

#### **Konsert i Herand kulturhus**

Koret deltok på konserten som vart arrangert av Una Eiken i høve hennar 50-årsdag.

Koret song:

*Gratulerer med dagen*(på innmarsj), *Jeg råde vil alle*(Ann-Elisabeth på piano), *På Fjeldesti, Vesleblomme, Blåklukkevikua, So ro godt barn, Sing we and chant it, Tourdion, Vi skal ikkje*

*sova burt sumarnatta, Du ska itte trø i graset, Med en primula veris, When I fall in love.*

Vi fekk god respons og gode tilbakemeldingar.

### **21.10.2017**

Ei gruppe frå koret(9 stk) song for Eirik og Åsne på Bjørnefjorden Gjesettun i høve feiring av 70-årsdagane deira. Kate Jordan steppa inn som dirigent.

Vi song:

*Gebursdagssongen x 2, When I fall in love, So ro godt barn, Du ska itte trø i graset, Fabel* (jubilantane måtte delta som katt og hane)

Leif Ragnar introduserte m.m. Det vart latter og god stemning.

### **02.11.2017**

Koret deltok i samband med bisetjinga av Anne Fossberg Fristad i Os kyrkje og ved minnesamværet på Nore Neset Ungdomsskule.

I kyrkja song vi til preludium: *Høgjellkyrkja*(Aasmund Brekke på orgel og Jon Sæbø som solist). Etter talen song vi: *Gjendines Bådnåt*(Ann-Elisabeth Tveit som solist og Kate Jordan på fiolin). I kyrkja fekk vi støtte av to bassar frå Griegakademiet

På minnesamværet song vi: *Du ska itte trø i graset, An Irish Blessing.*

Heidi N Sælen held minnetale på vegne av koret.

Alle songane var etter ønskje frå vår kjære Anne

### **18.11.2017**

Korseminar på Os skule med intensiv øving til Queen-konserten

### **22.11.2017**

Korkafe i Kløvertun

I første avdeling song vi: *Jeg råde vil alle*(Ann-Elisabeth på piano), *Blåkløkkevikua.*

I andre avdeling song vi: *Vesleblomme, We will rock you*(med «komp.» frå publikum)

Dessutan deltok Os Mannskor, Unnelandskoret og BKK-koret med flott song.

Hyggeleg kveld med loddsalg, kaker og kaffi. Gos stemning i eit fullsett kløvertun

**Aagot Tuvin Moberg**

referent